

# INTERVJU MED ARVID AARDAL (86), TJØRVÅG 2003

## INTERVJUER DAGFRED BERSTAD (DB)

Lydopptak: Per Berge

Avskrift: Inge Bakke

Språklege og faglege korreksjonar: Dagfred Berstad

Og du er utta Ervikjine? Det er kje monge ervikarar eg kjenne.

DB: Du kjende no 'nå Klokkar-Hilmar?

Han Hilmar ja. Han Klokkar Hilmar so dei sa.

Det var no min lærar, det. I fyste klassa, ja det var berre eit år og nokre måna, va det han Torvald Kvamme. Det var dei to som var lærarar då. I Selje. Det var han Hilmar Ervik som var min lærar. Han var uta Ervik. Ja, ja.

DB: Og i slekt med oss. Du kanskje veit Haldorane, der han Hilmar kom frå. Han Haldor-Hans, onkelen hass Hilmar, var oldefaren min. Men han Anders, morfaren min, var ein av dei som omkom i Ervikulukka i 1920. Men eg er ikkje så sikker på kor kjent ditta der e?

Nei, eg kan ikkje seie at eg kjenner folk uti Ervikja. Eg var no vel vaksen eg før eg var ein tur uti Ervikja.

DB: Men foreldra, var det han Karl?

Foreldra mine? Nei, mora mi heitte Jensine. Far min heitte Peder og var frå Starheim i Nordfjord.

DB: Var det fleire folk, gamle folk, besteforeldre, tenestefolk?

Nei, ikkje i den tida som - som far og mor og deira famile. Det var eit omskifte der, so alle dei som var der før, dei gamle, dei var vekk, dei var døde. Og dei som var der då, det var broren hennar mor, dei som eigde då han far overtok det. Det var broren hennar mor, heitte Olav, han for bort til Amerika, då han far overtok det. Det var mor som fortalde då, om foreldra sine. Men det var altså bror hennar mor som eigde det då foreldra mine overtok det. Det skulle dei ikkje gjort, he, he.

Per Berge: Ja det var valg mellom Aardalen og Hammarsvikja, va'kje det så?

Det var ikkje valg altså. Når det gjeld Hammarsvikja - på ein eller anna måte var Hammarsvikja til sals. Kor mykje alvor det var, det veit eg ikkje. Men han var i alle fall so mykje til sals at det var akkedert om det. Men der budde ein som pakta der då. Som for då inn til Liseth. Ein som ikkje hadde noko med familien der, som var paktar der. I Aardalen altso. Og meda det der vart avvikla, so budde den der paktaren, han budde oppi

hovedhuset, kan du seie. Og far og ho mor, då dei flytta ut, dei bodde nedi Gamlehusa, nedpå tuna der, attemed kårstova, der som var gamle folk, men det var berre kortare tid.

DB: Du nemde kva dei kalte det huset nedpå tuna?

Ja, vi kalte det Gamlestova.

DB: Det er ditta der mindre huset, som står der...

Ja, det står der.

DB: Hadde de elles sånne namn på hine bygningane, sånn dokke imylla?

Nei ... det sto no eit hus ... stabburet ... sånt lagerhus for å lagre matvarer. Men elles hadde vi ikkje noko namn på husa slik. Det va no eldhuset. Gamleeldhuset, sa vi, det var også eit likkje-eldhus, som sto oppå tune der. So var det lada, vi sa ikkje løda, vi sa lada. Det er nordfjorddialekt.

DB: Torvet då? Hadde de vedhus eller torvhus?

Ja, det vi brukte torv då, det var no ditta med eldhus, det var no det som var vedahus. Dette gamle no, som dei snakker om å ta vare på.

*DB viser bilde – diskusjon. AAa peiker.*

Likkje-eldhuset, det står der, bakafor der, berre murane att. Bortafør utedoen. Her ned gjekk also løypestrengen, attom der, og vidare opp på fjellet. Løypestrengen hadde feste i dinna der – Storesteinen. Ditta heitte Eldhussteinen. Løypestrengen, han hadde feste i Storsteinen. Torvet, når torvsekkjen kom frå fjellet, han fekk vi ned der, og så bar vi honå oppi huset.

DB: Hadde de bremse på løypestrengen?

Nei, det hadde'kje vi. Vi brukte å rive ei lyngbøre, som vi kalte det. Som vi la ned føre der so han tok imot når han kom.

*Dei måtte ha strengen i to løp på grunn av retninga. Arvid forklarar om den øvste strengen:*

Vi hadde han ned oppå Aksla, der vi måtte skifte frå eine strengja til hin. Der var ikkje så langt, ein ti meter, nei det var'kje 10 meter, sju - åtte meter, imylla der som vi tok av til hin strengja. Men det var mykje skilnad på retninga der. Vi måtte ta av der. Vi måtte leggje lyngbøra litt på skeiva slik at når han kom ovatte der, i stor fart så skulla han bli kasta oppover. Elles var det bare oppmurt ein liten mur, ein liten klakk der, som den der børa låg på. Så hvis det for utfor der, så for det nesten utfor fjellet igjen. Så der måtte vi nesten stå då og få hendene i det, for vi hadde ikkje noko avhald eller noko sånt. Det

kunne vere plagsomt, kan du seie, til å dirigere rett fart på ditta der. For den strengen der brukte vi vanlegvis å smørje då med noko sånne lyse eller livrefett, lever altså, som vi tok inn i ei sekkefille og batt på og så tok vi berre ein snor og smurde eit stykke oppover. Du veit, når dette kom nedover der, altso, så når du kjeme nesten ned til der steinen er, so vert han flatare. Så der vil det gjerne då, hvis han ikkje vart sleten då, jarnkroken, så smurde dei alltid eit bestemt stykkje oppover strengen. Sånn nokolunde. Så ein fekk fart på det igjen, på siste stykket, når han kom nesten ned.

Men elles så smurde vi ikkje strengen med nokon ting. For hvis det var nordavind, då fekk du vinden atti veia, ned frå fjellet, frå Aksla, der som vi skifta om, då fekk vi vinden atti veia, slik at han fekk for store fart. Og skulle du opp - på hin strengja altso, der fekk du motvind. Der kom vinden neda'te Gjølet igjen og kasta oppatte mot igjen. So, for eksempel i litt stride nordavind, så var det veldig vanskelig i det heile, å bruke det for å ta ned torv. Å fire torv på strengane. Og krokane, det var jernkroka.

DB: Såg dei ut som ein S-krok?

Nei, det va C-krok vi brukte.

DB: Kor de laga dei?

Nei, det var ein smed til å lage dei. Dei var grove. Dei siste åra eg va der. Då begynte eg, du ser at når dinna kroken var sletin, då kunne han skjere seg fast (*djup grøyping som beit fast*). Vi brukte gjerne å slå han utover (*kaldsmie*) og vi kunne no gjerne bruke han til han skar seg fast eller skar seg av, og det va nå ... ja han skar seg ikkje av, han skar seg fast før. Men eg la inn i det sporet der, som vart i kroken, der la eg inn ein eller to bukter med laksenotstreng. Og bøygde det til oppatte på kroken igjen. Og dei krokane var veldig god, altså. Det varte ikkje lengje det der, men det gikk ganske sikkert og trygt, og passeleg fart. Dei nye krokane, dei kunne vi ikkje bruke på øvste strengen, då fekk dei for stor fart. Så vi brukte dei først på nedste strengja, og når dei vart meir sletne, brukte vi dei på øvste.

DB: Og ut på akslene, der var så knapt der at ...

Ja, der var knapt ja! Ganske knapt.

DB: Men når de firte torv, brukte det å vere folk mellomstasjonen?

Ja, det måtte vere ein mann der, ein mann der og ta utav ...

DB: Så de tok sekkjen fram...?

Ja, ta ut av eine plassen og bar det eit lite stykkje og hengde på hin strengjen.

DB: Men de tok det heilt ned, altså, når de heldt på?

Jadå, vi tok det heilt ned ja. Tok det frå eine strengja og ...

Det var ein mann oppå fjella, som vi kalte det, og sende ned, og i neste runde var han som var oppå fjella nedpå der og hengde på. Og den andre nede, eller omvendt.

DB: Hadde de torvhus oppå fjella?

Ja, vi hadde torvhus, der var eit torvhus. Det var eit nytt hus vi hadde då.

DB: Det var haustarbeid då, tok ein dag og firte torv?

Det var når vi vi hadde fri, når vi ikkje hadde noko nede, at vi tok ein dag på fjellet. Og der pakka vi då i sånne vanlige, vanlege store jutesekkjer. Som vi pakka fulle, men det var noko av den torven der, svarttorv, som var så tung at dersom du fylte sekkjen så vart han så tunge, so vi fylte på med litt lettare mask.

DB: Mosetorv?

Ja, vi kalte det mosetorv det som var oppå. Og steintorv det som var nedunde. Så vi tok altså litt av kvart altså, slik at vi fekk sekkjen passeleg tunge. Sekkjeopninga strypte vi igjen med eit sekkjeband. Og så knytte vi eit tau innunde sekkjen, ofte i kryss, så det vart fast og godt, som vi sette kroken i, slik at sekkjen hong endeveis.

DB: Og torvsekkjene, dei tok de godt vare på?

Dei tok vi godt vare på ja, vi bømte dei og. Sekkjene, dei va no ... vi kjøpte mjøl då, matmjøl og andre ting, kom til gards i 100 kg-sekkjer. Det var no helst formjøl som var i jutesekk. I den tida då, kveitemjøl va no i lerretssekkjer. Vi tok vare på det som vi kjøpte formjøl og sånt i, som var i 100 kg-sekkjer.

DB: Oppi torvhuset, der lødde de torvet inn der då?

Lødde torvet ja, ja vi lødde. Tok ut heile torver, vi skar dei opp i noko sånt som 6 tomma i firkant. Når vi tok dei ut i frå torvgrøftene, då skar vi dei ut, vi brukte kniv å ta dei ut med. Vi delte dei opp so vi hadde 5 sånne, "stomp" vi kalte det, i høgda. Og dei skar vi då opp i denne størrelsen der, 6 i firkant. Som vi skar då ut av torvbenkja. Og så skar vi dei ut til torver som vi la utover og tørka dei. Det var no vår måte å gjere det på. Det var visst ... men mange stader spada dei no torvet ut med torvspade. Vi skar det opp altså, med kniv. Vi skar det opp og ned med kniv og hivde det ut med ei greip. Og dei merkte stumpane då, dei stakk vi ut med spade.

Men lengst oppe ... det var eit stykke ned i myra der ... omtrent sånn nedi myra, der det gjekk over frå mose til svart torv, der var det so hardt, at det var tungt å skjere det opp. Då vart det lettare å skjere det igjen når ein kom djupare ned. Det svarte, det so gjekk heilt over til å vere torv igjen. Heilt oppå var det mose, vi skar utav det såpass tjukke mose som ikkje var brukt til noke anna enn at vi la det ned på grunnen igjen.

DB: Når de skjeva det opp. Då brukte de kniv? Og då la de til rette stumpen også?

Då brukte vi kniv ja, vi la han så han låg godt og skar av.

DB: Det var vel godt om turkeplass?

Det som vi hadde var ein veldig god plass. Vi trilla frå grøfta, eit stykkje, vanskeleg å seie lengda, og ned i ein litt skrå bakkje då, nedpå bakkjen, kan du seie. Der det blir litt halling, og der var helt turt. Og der va so turt at, der som vi turka torva, at vi brukte berre å snu da, i staden for at andre brukte å røyse det, som vi kalla å huse det. Sette det opp slik som ditta ja. *(DB viser med hendene)*.

DB: Trilla sa du, de hadde ei trillebåre då?

Vi hadde ei trillebåre ja. Sånn med eitt hjul på. Hon var laga av to meider, arma, som var til å halde i, og eit hjul framme. Så var det spikra fjøle over dei to, ei fjøl som sto opp framme. Det var ikkje noko side på. Ho står no der enno foresten, står opp i fjøsa. Står heilt ut i enda der, står den torvtrilla.

DB: Ho var alltid oppå fjella?

Ho var der oppe ja. Når vi tok inn torvet ... siste ... så lødde vi henne inn i ... sette henne inn på høykant ... og lødde henne inn i torvet. Det huset var så lite, det var i grunnen for lite. Huset var ein vanleg firkanta mur med skråtak på. Eg veit ikkje om her er noko slags billede av torvhuset.

Per: Nei, det er det ikkje.

Det sto rett opp frå Rydjajorde, med det same du kjem opp på.

DB: Va der torv på takje?

Nei, det va'kje noke, det låg berre noko sånne heller inni. Det kan hende det har vore ... det gjekk no geite og kleiv .. nei det var no berre heller.

DB: Knivar og greip. Let de det stå igjen oppe?

Nei, det tok vi med oss i handa når vi gjekk ned at. Torvspadene var på same måten, det var no nede dei var. Anna enn når dei var i bruk der oppe.

DB: Spaden, han måtte no vel vere blank og kvass?

Torvspaden var ein sänn, er ikkje dei spadene i bruk enno?  
Han var heilt tverre framme, og så slipte vi 'nå, om det var noko spesialstål, det veit ikkje eg. Kan hende det va det. Han va sopass kvasse framme at vi kunne bruka 'nå til å stikke ut torv med.

DB: Og så når han kom ned på tunet då, så va det å løde 'nå inn på eldhuset?

Ja, det var vanlig. Men elles lødde ikkje vi meir på det .... det var no så lite i gongja at det ... vi tok ikkje ned meir enn, ja det kunne vere so forskjellig, men ein toppen 20 sekkjer i gongen. Og det tok vi i huset og tømde det i ein dungje, som vi tok igjen, det var ikkje noko oppløding på det.

DB: Når de var i torvet og braut. Det var no vel tidleg vår?

Ja, det var no i den tid då allting skulle gjerast. He, he, i ein gong. Det var no det.

DB: Det begynde vel i april då?

April? Vel det var somne som begynde då. Men det gjorde ikkje vi. Vi begynde i mai, i slutten av mai, mai-juni.

DB: Hadde det visse rutiner der då, og visse plassar?

Nei, det som høyrer Aardalen til, det er berre der det. Det er ikkje delt med nokon, det er berre den egedomen som er der. Alt høyrer Aardalen til. Det er ikkje noko oppdelt der.

DB: Og når de var fleire i lag...?

Ja, det var heile familia i virksomhet, det. Vi var ikkje gamle når vi dreiv og bar kaffispanna opp.

DB: Middagsmat, de bar ikkje det opp?

Middagsmat, ja det var vanlig å berre koke kaffi og graut og ha oppi ei spann. Vi brukte ikkje anna til middag dei dagane vi arbeidde der, det var no graut. Havremjøl og ditta der. Det var havre vi hadde.

DB: Når de gikk med mat, var det sånn ut på dag?

Ja, det var nokon av oss då som kom opp seinare. Dei fleste av oss gikk forholdsvis tidlig på dag, vi satsa vel på å vere der oppe i ni-tida. Vi gikk der på 20 minutt. Vi rekna ein 20 minutt. Ein halv time var no rikeleg.

Var det fint ver sat vi ute, elles kunne vi no sitje inne i torvhuset. Han far brukte å kvile litt middag. Han la seg oppom torvhuset, der va nokre steinar, litt lunt for vinda.

Tok seg ein times tid å kvile middag, så var det på'an igjen.

Medan han kvilte middag gjekk no vi ungane borti tuene og plukka bær. Det var nå både blåbær og krekling, og molte var der.

Vi hadde no et litt stort vaffeljern nede, ho mor stekte no vafler som vi hadde til mat opp der. Og vi plukka oss molte, og så la vi ei molte i kvart sånt hole i vaffelhjerta. He, he.

Må tru det smakte godt.

DB: Kalte de det molte? Eller myrbær?

Myrbær. Det er no berre molte før han har vorte moden det. Det er'kje noko anna. Det var karten so det so er myrbær. Det er ikkje brukande til noko, det er umoda molte det.

DB: Homlebøle?

Homlebøle. Ja, det var no ikkje så mykje, men det forekom. Der nede, der som vi slo. Ja, du veit, vi måtte no vere forsiktige der, men det va no spennande ditta der om vi kunne finne eit homlebøle og finne seg litt honning. He, he. Jaudå, vi gjorde no det, men ... Vi kalte det honning, men du veit, i homlebøle er det nokre kube eller kva det kallast, som er komne så langt at det er makk i det. Men noke er lagra som rein honning, og smaka veldig godt.

DB: Men det var vel gjerne ljàen som kom borti...

Ja, men vi var no forsiktige. Hvis vi var uheldige veit du, å slå hol på sånt, vet du, så måtte vi berre komme oss derifrå til det fekk roe seg, og vere forsiktig.

DB: Hadde de hund?

Hund hadde vi ja. Hvis vi ikkje hadde hatt hund, så kunne vi ikkje vore der vi heller. Han gjekk no der jamnt ja, og jaga derifrå, desse geitene som kom ned. Og så bruke vi 'nå attiveia te saudå, om våren og slikt når bøbikkjene var der, ja smådyr i det heile. Det var hunden, det var no eit viktig redskap det.

DB: Det var ikkje noko som var ferdigkjøpt? De lærde han opp?

Vi lærde han opp ja. Det var no blandingsrase, det kunne vere vanskeleg nok å finne noko som var brukande. Det var litt forskjell på hundane som vi hadde. No er ein hundslder berre 12 år, veit du, og så lenge trur eg ikkje dei greidde jobben sin heller, so eg veit ikkje om vi hadde dei so lenge, kvar hund. Men vi hadde fleire hunda.

DB: Var det nokre bestemte plassar der de fekk dokke hund?

Nei, ikkje nokon bestemte plass. Den første hunden eg kan hugse heitte Bella. Og vi hadde ungen ... døtra, som vi oppdresserte og som overtok etter den. Hon heitte Frøya. Og ette den, så hadde vi - men eg trur at den fekk vi på bygda ein plass. Eg hugsar ikkje kar det va. Men det var no same rase, blandingsrase. Men dei kunne ikkje vere for kortføtte, for då kunne dei ikkje greie ditta der, så dei måtte vere litt spesielle. Bella var litt raud med kvite rose. Og hon der Frøya var svart og kvitrosa. So hadde vi ei etterpå, den var ganske svarte. Det var ein veldig kjekke hund, men ho fekk dessverre kvalpesykja. Så tok vi den av dage til slutt. Det var ein veldig god hund. Vi dirigerte henne, vi kunne sende henne avsted for å jage disse geitene. Ho var så langt vekke at ho hørde oss ikkje, men vi kunne gå att og fram og dirigere henne med handa. Vi kalte henne Frøya henne også. Vi brukte det oppatte. Frøya var eit godt namn å rope.

DB: Hadde det namn på kratur?

Ja, det hadde vi no namn på, på alt det det var.

DB: Kan du komme på nokre av dei de brukte på kratura?

Ja, det kan eg no vel gjere ... Vi hadde jo saude for eksempel. Den første sauden som eg hadde, so va no min då, kalte eg for Stella. Det står no stilt for meg....

DB: Geitene og bukkane.

Ja, det var namn på geitene. Grime, Blikkside.

Vi hadde vanlegvis tre kyr. Vi hadde ei som heitte Skjønnros, ei som heitte Strengros, og ei som heitte Fagrøy, ....

DB: Men hest?

Nei, hest. Der var'kje gåande for ein hest. Kan'kje bruke honå til noke.

DB: Nei, de laut vel bere sjølve.

Ja, dessverre. Det var ikkje ein dag gjennom året då vi ikkje hadde børe av et eller anna på ryggja.

Eg trur eg vil seie at det var ikkje ein dag gjennom heile året då vi ikkje bar eit kvart, meir eller mindre.

DB: Når de bar vatn, brukte de vel vass-sele?

Vatn brukte vi vass-sele te ja. Ja, det vil seie at når vi vart no vaksne, at han vart sette til side, og vi bar i berre hendå. Men vi hadde vass-sele altso. Eg veit kva det er for noko. Han står der, trur eg. Vi kalte det vass-sele.

DB: Børetre?

Ja, det er no vel det same, men ikkje so forseggjort som ein vass-sele.

DB: Hadde de fiskekjerald?

Vi kalte det kipe, det vi brukte. Vi hadde ei der som vi berre hadde fisk i. Den var botta ta tæger. Vi hadde også eit sånt kjerald som var laga ta tre, som det hende det var bore sand i og sånne ting. Det hende no at det vart bore sand opp frå fjørene. Liten grand. Du veit ein kom no med båt, so var det å ta det på ryggjen.

DB: Når det bar inn høyet?



Det var børtog. Med ei hovd i. Vi hadde mykje hovd, lagde av einer. I kjellaren ligg der gjerne nokre.

Vi snakka om ditta der at vi batt tog på torvsekkjene. I dei togjå der brukte vi gjerne ei hovd, så dei gleid glattare, så vi kunne stramme det betre til. Men vi brukte gjerne berre togjet også.

DB: Du hadde vel eit uttrykk for når du stramma toget på ...

Ja, det var å "gjøre". Det var å stramme det til, det var å gjøre det.

DB: Brukte de handkjerre?

Nei, det var ikkje mulig i det heile. Det var trillebåre. Det var litt i fjøset vi kunne bruke trillebåre. Men elles så var det på ryggjen altså, alt mulig.

DB: Og så var det høyet, de bar det vel inn på låven?

Ja, vi bar det inn på låven, då. Det var no då et parti, eller et stablelag, som vi la tvers over låa. Og so tok vi av tauet der og let det liggje der. Og så var det når det vart dårleg ver, så tok vi det då med høygaffel og løyste det ut og la det borti der som vi kalte høybrotet, eller stålet. Borti høystålet. Vi tok det igjen frå låven og la det der det skulle vere.

DB: Var det eitt høystål de hadde?

Vi hadde ett høystål, ja. Det var omtrent halve løda då som var høystål.

DB: Hadde de delt i saudehøy og ....

Ikkje mykje, vi hadde, ja det var no, vi slo no heile sommaren og langt ut på hausten. Det som var fyst på sommaren då, eller på den tid det skulle slåast, det vart no heilt nedunde heilt av naturlege årsakje, so vi brukte ova av, det som var mindre verdig, det var jo det som vi brukte til saudehøy og sånne ting. Så det var den forskjela vi hadde. Og det som var nedunde, som var godt høy, det var no det som vart brukt til kyr. Vi drog det ut med krok, høykrok. Det gjorde vi for det meste. Det var no berre dei siste åra at eg fekk meg høykniv.

DB: Men det var ikkje aktuelt å prøve silo?

Å, neidå. Det var ikkje omsnakka eller tenkt på i det heile. Eg veit ikkje kva tid siloen kom skikkelig i bruk eg? Du ser, vi slutta no heilt av der i to- og femti. Delvis slutta før.

DB: Og når de hadde foret ned i fjøsen? Hadde de luke i låven då?

Ja, det er ei historie for seg sjølv. Hon mor brukte, hon drog altså ut, ja vi hjelpte no til vi også då, drog ut høyet så hon fekk det no laust, og so "viska" ho det. Det heitte å viske. Og tok det i hop, altså, til ein vandel. Og så tok hon altså ein sånn der, ho drog ut så langt høy og snara eit band av, eller det var også brukt halm, som ho tok rundt dinna der ... og lagde ein høydott, kalte de det. Hon hadde faktisk eit mål i femnda, kor mykje ho lagde til der. I kvar sånn altså. Det hende ikkje ofte, men det hende seg at ho ikkje var heime. Så vi som styrte med detta der, så då hadde ho lagt det opp, lagt det fram i låven altså, desse vandelane, desse høydottane, opplagd slik det skulle vere til kvart dyr, når vi skulle ta det igjen.

Det kunne no forekomme når vi vart vaksne at vi brukte høyet berre laust. Men det kan du seie at det var hon mor det som styrte med ditta der. Og eg veit ikkje at hon brukte laust høy i det heile. Det var lite det i alle fall.

Ja, og so la vi det opp i etene, nokre lange, smale kasse, som hong framfor saudegarå, og så åt dei gjennom nokre smale rimme, so dei ikkje skulle drage høye inn i garen.

Det var laust høy som vi tok ned gjennom ein luke som vi hadde i golvet då.

Men desse vandelane bar vi ut låvedøra og inn att i fjøsen. Seinare var det også brukt å ta dei ned gjennom den luka som vi hadde. Det var mykje bore ut og rundt der. Så tok hon ein under armen på kvar side, så tok ho ein i kvar hand, nei to i kvar hand. Så ho kunne ha med seg seks slike i ein gong.

DB: Og så når de melka, så hadde dei naturlegvis ein fjøskrakk.

Ja, vi hadde ein krakk som vi sat på når vi melka.

DB: Og så ei melkebytte? Sila de?

Ja, vi sila vanlegvis gjøna duk. Der i fjøsa då. Så vi sila ifrå bøtta og oppi eit melkehylkje. Som vi då bar det i, vanlegvis. Det var no så vi kunne bære på ryggja då, hvis det var nødvendig.

DB: Separator var no vel kommen i bruk?

Ja, han kom no vel i bruk såpass tidleg at vi hadde seperator nokre år då vi dreiv der. Eg trur vi hadde separator før krigen.

DB: Men før separatoren?

Då brukte vi, det var nokre store, brune fat, dei finst no vel endå. Men å seie kva dei fata var laga av. Det var ikkje vanleg steintøy, men det var ei glaserte leire. Dei var ganske store dei fata. Vi måtte bruke begge hendene på dei for å lyfte eit sånt fat. Som vi hadde då, det var nå ikkje så mykje men

so let vi melkja stå og digne. Og so fløyttte vi rømen uta ova av med ei skeid. Den rømen stod og surna sånn ei veketid før han vart kinna til smør. Og det som stod igjen i fata, det vart til syre. Ein tystedrikk som ein brukte særleg når det var heitt i veiret. Det var litt syrleg så det virka litt meir enn berre vatn. Slik som saup, men smaken var no litt andeleis ...

DB: Så let de det stå...

Vi let det stå til ditta kom opp altso, heilt til det var tjukke røme. Så tok vi rømen av og hadde na nedi eit kar for seg sjølv, oppi ein rømeambar, av tre, som vi hadde det oppi då.

DB: Var ambaren open?

Han var open, men han var tillaga så vi kunne ha eit lokk på. Det var då ein på kvar side av stavane som går ned på ei kløft, som går ned på dei stavane på endane som står opp på kvar side. Så låg det frampå – det heitte no ein ambar, rømeambar.

DB: Og så kinna de?

Ja, so kinna vi ja. Kinna so vi hadde, det va no ei ... det var no slutt på dissa dere stampekinnene, det har'kje eg brukt ... eg veit ikkje om eg har sett det heller, men det som vi hadde det va no ei med et kors i som vi sveiva, med eit tau på enda som vi stakk ut og ... det va no ei sånn heimelaga.

DB: Ja, når ein skulle lage seg redskap, så var det vel nødvendig å ha litt verktøy ... og plass til å gjere forskjellege ting.

Ja, men vi hadde ...

DB: Hadde de smie eller esse ...?

Nei, vi hadde ikkje smie, men vi hadde, ja no snakkar vi om den tida så vi var der altso, vi hadde den der Gamlestova, den hadde vi til verksted. Og der sto nå høvlebank og, ja, stort sett det ja. Og en del verktøy. Sånn til heimebruk. Sånn som alle har, vanlege handverktøy. Du snakke om å lage sånn derre ambara, og bytte laga no han far også. Vi hadde no ein høvel som var litt rund innunde som han brukte til å høvle ut dissa stavane med. Og tok ut ... og det som va oppå, der brukte han ein sånn vanleg liten handhøvel, til det var slik ei passelege tjukte ... og så lagde han botnen, vi sa so å lagge det med, som det heitte. Så tok han ut med eit jarn eit spor som gikk innattpå, so han tok innattpå botnen. Eg har ikkje gjort det, men han far lagde no både treambar og trebytte, lagde han no fleire stykke av. Trebytte som vi brukte i fjøsa.

DB: Når de hadde byttehankje på desse trebyttene ...

Ja, det va no, vi brukte å sette på jernhanka.

DB: Har du høyr uttrykket byttehadde?

Byttehadde, ja, det var no det vi brukte. Det brukte vi å setje på desse trebyttene.

DB: Rive og ljå, eller orv ... det måtte ein også lage til seg sjølv ...?

Rive lagde han far sjølv, både skaft og rivehaud.

DB: Då måtte han ha ein god rivenavar?

Ja, det måtte han ha. Og så brukte han ... det hende seg han hadde seg ein tur inn i fjorden igjen, der som han va ifrå, tok han seg gjerne med seg då, ... det vart no vel sent med rutebåten ..., hakk, som han kløvde opp i passeleg lengde, og so sat han og smidde til tindetre, har du høyr om det?

DB: Eg skjøna no i hvert fall kva det må vere.

Han kløvde dei oppat, omtrent sopass lange, og so smidde han dei ned til, med kniv då, ned til, ja, passeleg tjukte, ei tynne fingertjukte, ei passeleg tjukte til rivetindar.

DB: Ein i kvar ende då? Når dei var so longe?

Ja, når han kappa dei opp då, så kunne han sette dei i, altso. Sat han og smidde til ditta der, og så laga han eit lite haud oppå enda der, og det måtte sovidt gå gjønå desse dere hola som han hadde bora med navera. Det va berre ganske lite. Og so smidde han litt tynnare nedunde, og so trengde han ditta der igjønå, og då, dette skal vere slik at ditta som sto igjen der oppå hauda der, det rett og slett utvida seg sjølv oppatte på rivehaudene. So han kom ikkje ut igjen. Det va'kje mulig å drage han ut igjen. Det var so, altso, so nøye at, so stramt laga, at når den kanten der kom forbi, so va det, og so då, kappa han av passeleg lengde, og smidde av, flata det til so det va litt oval, og litt ... slik at det glide lett, ei sånn rive.

So dette va sånn tindetre, tørre, hardt. Og rivehauda dei va no laga av bjørk, og skafta va no vel laga av gran, eller fure, grana er vel so sprø.

DB: Og når de braut tinda, det hende no det?

Ja, det hende no ofte, det va berre å sette inn nye det, på same måten. Du kunne kappe vekk det haude oppå der, so slo du det ut og sette inn ein ny ein. Det va no greitt. Jau, det forekom no saktens ofte.

DB: Og riveskafta, dei var no vel litt flate dei ... ut imot enden?

Dei var litt flate ja, so du sette ditta haude på i der i mitta, rivehaude oppå, det va tillaga der ...

DB: Var det litt longskapa det der ...?

Dei var litt bøygde ja, lite grann, dei var omtrent sopass lange, rivehaude ja, og i mitta då va då ... det måtte uttakast med jern, då, det var no vel også utteke også med rivenavar og pussa ut med jern eller kniv, so vi sette det opp på skaftet, ein litt flatare del, so gikk på skafte då.

DB: Og på ljanå eller orvå, der va no vel også sånt som ....

Orva, vi lagde ikkje orva sjølve. Det va no stutturv som va brukt der med oss. Vi hadde mest stutturv. Men vi hadde ein longorv.

DB: Og sjølve ljaen, det va no vel kjøpevare?

Ja, det va kjøpevare, det vi brukte. Frå fyst av ... vi kjenne til at det va ... det var ein overgong, frå heimesmidde til kjøpte.

Men vi kjøpte. Men dei ljaane du får no er heilt stål. Dei vi kjøpte er ikkje å få lenger. Dei du får no er heilt stål. Heil stålplate, og eg meiner dei ikkje er brukande. Dei er for harde. Dei vi brukte då, i overgangen, var same systemet som dei heimesmidde, ei tynn stålplate i midta og mjukare stål utapå. Vi fekk dei frå ein fabrikk i Bergen. Dei vart kalla Berstad-lja. Kvassegg heitte dei. Dei var litt variable, men for det meste så var dei jamt gode.

DB: Bryne de brukte?

Vi brukte steinbryne, det fyste eg brukte var steinbryne. Men på slutten var det smergel. Men vi kjøpte mange steinbryne. Det var sånt som var på butikken. Det var ein spesiell sort stein som var vanskeleg å finne.

DB: Brukte de bryna i lommene og spytta på eller hadde de slire til å bere dei i?

Begge deler, ja vi hadde ofte bryne i lomma og spytta på. He, he ...

Sjøbruk, ja. Det var ikkje så mykje der. Vi laga nå noke sjølve. Vi batt garn sjølve. Og brukte trenåler. Og så rede då til å få passelege band.

Det vanlege toskebandet på garn var no sju og eit halvt omfar. Og so hadde vi noke vi kalte småband til seid, det var sju omfar. No har eg gløymt dei forskjellige måla.

Elles var det glaskule på garna, vi batt dei inn sjølve, med sisalsnøre. Det som eg har brukt.

DB: Men hummar og krabbe?

Å ja, eg har fiska mykje hummar, vi dreiv no kvart einaste år. Det var no inntekta vår det, for å tene seg nokre krone frå før vi var konfirmerte og framover. Det va no hummaren. Vi brukte både opne teine og vanlige tynne, vi kalte det hummartynne. Det var no lite av

det. Det var no det vi hadde til å begynde med. Seinare vart det no laga på andre måter. Eg har no enno ståande, nedi kjellaren her, nokre firkanta kasser.

DB: Agn?

Agnet batt vi i ei stropp oppi der. Det beste hummaragn som eg vil seie fins, det er breiflabben. Det e godt agn. Og elles so ferske seidehaud. Breiflabben kappa vi opp i molar, vi reiv av honå rådet, skinnnet - trur eg - eller so hengde vi honå berre med fiskesida ut. Men det var ikkje so ofte vi hadde breiflabb, men hadde vi, so brukte vi honå. Hummaren vart so om seg når det var breiflabb i teina. Agnet burde vere ferskt, det hende vi brukte salta, men det var ikkje so godt. Vi brukte salta agn og smurde på noko peppermynsteolje. Det var brukt ein del, gjorde salta agn beire.

DB: Snudde de teinene?

Dei opne teinene dei måtte du drage ein gong i timen. Dei sette vi ut om kvelden når det begynde å mørkne. Ja, vi begynde når det begynde å avdagast. Så begynde vi å drage dei ein gong for timen til det .... en times tid .... ja vi kalte det for dimmet, du ser det helst om våren. Og det er nokso rart at alt liv og fisk .... det er heilt stilt .... fuglane slutta å synge. Fiskjen slutta å komme opp og vade, som vi kalte det.

Det står på om våren, sånn ein times tid, og så kjeme der et punkt i natura, som, når du var vande med å vere oppe på denne tida .... du kjende det .... du kjende det gjennom kroppen, et punkt som, vi kalte det for *attelyse*, so kom etter dimmet .... det er akkurat som eit bestemt øyeblikk som du kjenne på deg sjølv .... og alt kom opp. Fisken kom opp og begynde å vade, fuglane begynne å syngje. Og ei lita stund etterpå, då var alt i full flor. Ein voldsomme fuglesang, og fiskjen, som han ville bryte ned sjøen, og på deg sjølv følte du det som du vart mykje lettare. Du kjende det faktisk gjennom kroppen at det var noko som foregikk. Et sånt øyeblikk, vi kalte det for *attelysingja*. Et veldig fint, .... fint øyeblikk av døgnet.

DB: Omtrent på klokkeslett...?

Ja, i mai måned så e da sånn i ett, halv to-tida, ett-tida, natta. Men då hadde vi ikkje sommartid.

DB: Og det var då hommaren begynde å øyle igjen ...?

Ja, vi kalte det for *drette*, attelysingsdrette, når vi drog teinene, og det kunne vere beste drette det, for heile natta. Vanligvis drog vi eitt drette då, og så eitt til. Og då va'kje det meir, ja det hende vi tok ett til, tok det i båt, som vi sa.

DB: Og elles så berre snudde de ...?

Ja, no snakka vi om dei opne teinene.

DB: Kalte de det å "snu teinene"?

Ja, det kalte vi også, ja. Ja ..., eg veit ikkje om vi brukte det so mykje, "å snu". Kan hende det va brukt, men ikkje så mykje. Vi kalte det drette, gjorde så og så mange drette.

DB: Hadde de laksegarn, laksenot ståande?

Vi dreiv med to kilenøte ja, i den tida. Dei sto på faste plasser. Vi hadde fast i land, til ein jarbolt i eit berg eller ein stein. Det var ein store stein vi hadde fast i. Vi hadde streng bortover eit stykke, før vi gjekk over til tau og forgarn.

DB: Og då hadde du - ja du hadde ikkje blokk, men du måtte ha eit eller anna å hale det gjønå, som var fast i strengen, sikkert?

Ja, vi hadde ein tjukkare tamp, vi kalte det, et tóg. Eit stykke med ein tjukke tógstump. Oppi land gjekk det streng, i enden av strengen hadde vi ei *orge*, har du høyrte det før?

DB: Nei, der fekk eg eit godt uttrykk.

Det vart også kalla ein trekause.

DB: Åja, ein kause som vart kalla orge?

*(Men i Ervik vart ein slik kause kalla klote, difor så mykje prat om akkurat det.)*

Ja. Når vi sette ut nota, vi hadde ein tógatamp der i enden, so tok vi fram i den og so drog vi, som ein talje, kan du seie, som vi stramma han opp med, frå forgarnet med, landgarnet heite det også.

DB: Hende det at de måtte ut og *birge garn*?

Nei, vi brukte ikkje det, vi let det berre stå til. Vi berga'kje, veit ikkje om vi akkurat hadde forhold til det heller. Vi kom ikkje hverken av eller på land vi då. Eg veit ein vinter, at sjølv vi som var eksperter på det, ikkje kom utpå fordi det var sjø. Men det var no midt på vinteren, det var vel i januar eller noko sånt. Og vi kunne ikkje sleppe ein båt flytande der, det var så mykje drag at vi kunne ikkje ro fram i ein båt og sleppe honnå flytande, det var sjøldå det hende.

DB: *Land* for dokke, var det ned for Aardala der, eller var det uti Rydjajordine...?

Ja, vi hadde ein landingsplass nedfør nausta, heime, nedfor husa der, men vi hadde eit naust og ein landingsplass der ute som vi kalte for Rydjajorda. Eit stykkje lenger ut der, og der står nå naustet den dag i dag.

DB: Det var likare å komme til der?

Ja, det var beire, det var ikkje noko livd also, det var ikkje det, men sjøen dreiv på ein annan måte. Knappare. Der heime, der dreg sjøen på tvert. Vi kalla det *tverrsåg*. Men på

Rydjajordene dreg han fram og tilbake, heilt rett. Så det hjelpe på så vi hadde ikkje den faren, vil eg seie.

*(Arvid tenkjer på når dei landa i dårleg vér:)*

Men bevares vel, hvis det var noko som skulle vore filma, så var det når vi also - på det siste vi greide det - det skulle vore på film. Men dessverre så ... det har ikkje vi. Det var ikkje komme film då i dei dage.

Det var sånn øyeblikkshandling, det gjekk ikkje an å - du kunne ikkje tenkje at no skal eg gjere det og no skal eg gjere det, det var sånt som måtte innlevast for at, ja ein måtte vere seg sjølv. Det måtte lærast og innlevast.

DB: Færingen, den ...?

Færingen ja, det var no ein nordfjordfæring som vart brukt.

DB: Seksring?

Nei, seksring hadde ikkje vi, den største vi hadde var ein ni og ein halv alen, og so hadde vi nokre små. Desse måla kjenner no du til? Måla for nordfjordfæringane. Og elles so var det no slik dei var laga til med keipa og hamleband og, ja eg trur at eg vil velje nordfjordbåten når ein virkelig ville prestere noke. Då trur eg eg vil velje nordfjordbåten.

DB: Veit du kvar han var laga den færingen?

Ja, han var laga i - du veit det var to tre byggeri i Gloppa, på Rygg og på Isane laga dei mange. Den vi hadde, og som vi har ståande, var bygd av ein mann som heitte Elias Ramnestad på Rygg.

Båten var bygde før fyste krigen. Kjøpt i 1920, trur eg. Han står der i Rydjajorde-nausta. Elles hadde vi no fleire båta. Og han e like god som når han var bygde, like friske, ikkje rôt i'nå. Men han e dessverre ein del sunde. Han vart brukte slik han va då vi sette honå inn i nauste, men skal du sette honå ut no, lek han nok ein del her og der. Men saumane er heilt i orden.

DB: Kva du brukte å smørje med?

Vanleg råtjære.

DB: Garnflotørrar?

Flotørrar var no det vanligaste vi brukte. Vi hadde først ein træl, som var kalt då *haudetrælen*. Og so brukte vi ein taustump mellom det og dublet, haudedublet, og der hadde vi gjerne på ein som heitte nedtræle, ein litt mindre. Det var det som var brukt der i fjorden. Når eg seier fjorden, då meiner eg Skårfjorden. Skårfjorden er no der frå



Aardalen og innover til Selje. Ja, han vart gjerne rekna frå Dragsvikjene og Libberfludene derifrå og innerter.

*Samtale om ordet gjøtt. Mange stader som har nemninga gjøtt, gjerne med tilnamn som Nesegjøtten, Lambegjøtten, der innafor Kvia .... Barmhellarsgjøtten, Marikollgjøtten, Hakaholggjøtten, og eit område der utanfor nauste, fellesnamn Gjøttane, utetter berga der. Røytagjøtten attmed elva, Aardalselva. Det kom nok sikkert av å røyte huder. Det kan komme av korleis dei røyta huder i gamle daga. Dei la det kanskje i jord.*

Men han far røyta huder, men han la dei i elva, i vatn. Men plassen han brukte var no attmed det som heiter Røytagjøtten. Han røyta og garva hude sjølv, som han fekk skåre og lagde sko av. So det har eg sett korleis det foregikk. Dei la det så lenge at det var so rote at det losna, det dei kalla for hudramen, so dei kunne drage det av. Honå la dei over ei hun, ei avrunda fjøl. So mange gamle namn! So drog han over med ein kjepp eller noko og skava av skova, altso håra og det. Det var ikkje noko spesielt verktøy, berre ei trefjøl han brukte kanten på. Og so var det då med bjørkebork. Det var no *vår* jobb. Kar han fekk borkjen ifrå veit eg ikkje, det var no inna fjorda. Ja, bjørkeborken var brukt til mykje den, han blei brukt til garving av garn. Borken han fekk tak i var store flak.

Og det hadde han då oppi ei tynne. Og så brukte vi ein torvspade, vi slipte honå skarpe og so sat vi oppå ei fjøl og støyte borken og kappa 'nå i småbiter. Kalte det å *støyte bork*.

So la han dette lagvis i eit kar, ein treså eller noke. Det var vel det han brukte. Så la han hudene i eit lag og borken myllå, over og under, huda og så borken. Kor lenge det låg veit eg ikkje, men han såg etter korleis det gjekk, han skar i huda, og det skulle vere igjen ei rand, ei rårand. Så han såg etter kor lenge det skulle liggje. Om han hadde tid for det, veit eg ikkje.

DB: Låg det turt dette, eller låg det i væte?

Det måtte vere vatn på det, litt vatn, trur eg. For elles ville han ikkje få nytte av borkjen til å barke. Eg trur det var vatn på det.

DB: Brukte de noko som heiter *hite*? Eller hit? Ein sekk av heilflådd geiteskinn, som de brukte til dømes til å ha såkorn i?

Nei, det uttrykket kjenner eg ikkje. Når vi skulle til å så, brukte vi ei bytte.

DB: Sydde eller lappa de sko?

Ja, som du ser av papira var vi ei store familie. Han far, han sydde alle dei sko som vi brukte, meda vi voks opp. Han fekk det utskåre av ein skomakar, ein som var skomakar, fekk han det utskore, det som var over skoen, overledet. Utskåre etter mål, og sydd på maskine av ein skomakar. Det var ikkje mykje syng det var, det var ein fordel og ein bakdel. Skoen der bak sydde han for hand sjølv.

Han hadde ein *laske*, ein laskeklov, og sette ledet inni og sydde det med hand. Det var då sydd i hop, bakover og oppover hælen. Elles so laga han skoen heilt ferdige, hadde lester og det som han trengde. Dette gjorde han heilt ferdig heime, det var heimearbeid. Han brukte syl, og skopinner. Eg trur ikkje han far lagde det som heiter beksaum eller randsydde sko, det var pluggasko det gikk på.

Han varma dei (skopluggane), turka dei litt på eit blekkstykkje, som han sette oppå lampeglaset, du veit vi hadde parafinlampe. Og når disse vart våte igjen, når vi brukte dei, sat det godt faste. Og so vart ikkje det så mykje slitasje på ledet.

DB: Og tresko?

Ja, tresko, det kjøpte vi no ferdig, men eg trur han far lagde eit par, men vi kjøpte mest ferdig, vi brukte mykje *trelappar* som vi kalte det. Tresko er no eigentleg det som strilane brukte, heilt tre. Det er no eigentleg det som er tresko.

DB: Trelapper ja, og trestøvlar?

Ja, vi brukte trestøvlar, det var no same systemet. Dei var plugga, dei var'kje sydde.

DB: Når det gjaldt sjøstøvlar?

Ja, det var det same. Same systemet. Dei hadde overled som gjekk lenger opp, ja.

DB: Brukte de lyse, til å smørje med?

Det vi brukte til å smørje med var lyse, fett og lyse, med litt tjøre i som var kokt. Det vart mjukt og tett, det lukta ikkje noko særleg godt. Ja, det var ikkje stygt heller. Men det var no sånt som hørde til.

DB: Kva med måling og anna til å smørje hus og naust med, trevegger?

Trevegger, ja du kan godt seie at der med oss var det ikkje brukt ein målakost eller noken ting med oss på det som heitte vegger. Det var no til båtane at vi brukte råttjøre. Elles vart det ikkje brukt maling.

Det var sjølvstøvlmangel på vedlikehold, det har jo rotta ned heile greia der.

Måling, det var brukt med andre, men ikkje med oss. Det var kanskje ein annan kvalitet i materialen som vart brukt før. Eg trur også at sjødrevet har gitt ein naturleg impregnering. Også, hvis det var brukt granbord, det var mykje beire enn fura. Du kan sjå det naustet som står på Ryddjajorde. Det naustet er bygd i 1920. Der er ikkje brukt maling eller malingskost på det. Og kledninga er der den same, anna eller, det er eit stykkje som er skifta. Men, du kan seie, borda er bada i sjødrev.

*Opptaket slutt*

Kommentar:

Inge Bakke har gjort eit framifrå arbeid med avskrift av ei lang og til dels innfløkt samtale. Og Per Berge skal ha mykje ros for at han fekk rigga seg til og gjere opptak av store deler av denne praten som varte i fleire timar, og det fekk han til utan at det vart teke omsyn til korkje filming eller lydopptak. Lyden er for det meste av bra kvalitet, og Arvid er klårtent og klårtalande. Det er likevel utsegner som treng tolking, og i nokre høve er det uråd å oppfatte orda; det var t.d. geitenamn vi ikkje klarer å tyde, men vi får med namna på m.a. gjøttane langs Aardalen og der forbi. *Gjøtt* er eit interessant ord fordi det er mykje brukt her lokalt, men synest ikkje å vere utbreidd. Ordet er i slekt med *gyta* som no berre vert brukt om å legge rogn og isel, men når det gjeld ein gjøtt, som er ei bratt kluft i fjellveggen, som endar i fjøra eller rett i sjøen, så seier det og at det er eit rasfar, men ulikt eit *gjøl* (juv) som vert brukt om eit v-forma elvefar. Eit langt opptak til tross; Arvid fortalde mangt som ikkje kom med, og det hadde vore verdifult å kunne ha med skildringane av geitehaldet og alle dei stiane og råsene og hillene og hjellane i Libbera der dei kleiv, som då dei fanga åtte villgeiter som mange hadde prøvd seg etter, men som var så drevne at når dei vart jagde opp på ein plass, var dei utfør kanten og ned igjen på ein annan plass før det var råd å hindre dei, til dei ein gong fann på ei råd... Og han fortalde og kor det var med høgtider og feiringar på ein slik plass, om besøk og dåp og konfirmasjon, om jul og påske, om kvar dei brukte å fare for å treffe andre, om song og musikk, kulturinteresser, og om fritid, som dei ikkje hadde, anna enn kanskje søndagar. Og litt om kor han fann ut å stelle seg med å lande og ta opp færingen åleine, måtte gjere oppfinningar og lage seg råder..

Arvid var snart nitti. Han var høg og slank og velkledd og tok i mot i stova si i Tjørvgåg. Han fortalde han hadde dårleg hjarte og hadde nok med å komme seg ut på tunet og inn igjen, men denne dagen prata han, og det var tydeleg at det var mangt han likte å minnst. Eit par månader seinare døde han.

Dagfred Berstad